

---

Saksnr: 2020/37557-4  
Saksbehandlar: Astrid Lernes

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

**Gang- og sykkelvegprosjektet fv. 614 Breivika - Svelgen, auka kostnadsoverslag**

## Forslag til innstilling

1. Kostnadsramma til gang- og sykkelprosjektet fv. 614 Breivika Svelgen vert auka med 31,6 mill. 2021-kr, frå 48,4 mill. 2021-kr til 80,0 mill. 2021-kr.
2. Auken i kostnadsramma vert innarbeidd i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

## Samandrag

Gang- og sykkelprosjektet fv. 614 Breivika – Svelgen er pga. at entreprenør gjekk konkurs halvferdig, og er i dag eit anleggsområde. I tillegg er 450 m av fylkesvegen lysregulert pga. utbygginga. Fylkeskommunedirektøren har vurdert det som naudsynt å ferdigstille det påbegynte prosjektet. Nytt kostnadsoverslag etter tilbudsopning syner at kostnadsramma i prosjektet må aukast med 31,6 mill. 2021- kr, frå 48,4 mill. 2021-kr til 80 ,0 mill. 2021-kr. Auken vert innarbeidd i framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Dina Johanne Lefdal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Investeringsprosjektet består av bygging av fortau og gang-/sykkelveg på om lag 1 km mellom Breivika og Svelgen Sentrum i Bremanger kommune. I tillegg er Bremanger kommune, kraftselskap, teleselskap og fjernvarme bedrift med i fellesgrøft.

Vestland fylkeskommune signerte kontrakt med entreprenøren Contexo AS. Contexo starta opp arbeidet i januar 2020 og heldt på heilt til dei gjekk konkurs i november 2020.

Fylkeskommunedirektøren har no lyst ut arbeidet med å ferdigstille prosjektet. Med dei tilboda vi har fått inn viser det seg at kostnadsramma i prosjektet ikkje er tilstrekkeleg. Det er difor naudsynt å auke kostnadsramma i prosjektet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. pkt 1 i Reglement for økonomiforvaltninga

Vurderingar og verknader

Då entreprenøren Contexo AS gjekk konkurs i november 2020 var ca. 40-50 % av kontrakt utført. Fylkeskommunen hadde på det tidspunktet også to andre kontraktar med Contexo knytt til prosjekta

- Fv. 5248 Skiftesvik – Marikoven (Askøypakken)
- Fv. 5730 Åstranda i Gloppen (rassikring).

I samband med konkursen har fylkeskommunen meldt krav i konkursboet, og vi har fått motkrav. Dette er ein svært krevjande prosess og det er stor avstand mellom partane. Om vi kjem til ei semje eller om tvisten vert teke til retten er framleis usikkert. Dette må fylkeskommunedirektøren kome attende til.

Vidare har det vore naudsynt å sikre anleggsområdet på ein tilfredsstillande måte, samt skaffe oversikt over og vurdere gjenstående arbeid. Fylkeskommunen lyste ut arbeidet med å fullføre prosjektet i juni 2021, og vi fekk 3 tilbod.

Vedteken kostnadsramme i prosjektet er 48,4 mill. kr 2021-kr. Med dei tilboda vi no har fått på ferdigstilling er det naudsynt å auke kostnadsramma i prosjektet med 31,6 mill. 2021-kr til samla 80,0 mill. 2021-kr. Grunnen til den store kostnadsauken er at det for entreprenørane er stor usikkerheit knytt til å ta over eit halvferdig prosjekt. Og denne usikkerheita syner seg å vere er eit kostnadsdrivande element. I tillegg har vi kostnadsført over 4 mill. kr knytt til sikring av anleggsområde, arbeid knytt til konkurshandsaminga, ny utlysing etc som vi ikkje hadde budsjettet med.

Prosjektet er som tidlegare nemnt halvferdig, og det er i dag eit anleggsområde. I tillegg er 450 m av fylkesvegen lysregulert pga. utbygginga. Fylkeskommunedirektøren har difor ikkje vurdert det som aktuelt å ikkje ferdigstille det påbegynte prosjektet. Eit anna moment er at viss vi ikkje skal fullføre prosjektet må det uansett gjerast eit avsluttande arbeid. Det kan også kome erstatningskrav frå dei andre aktørane i høve fellesgrøfta. Dette vil også medføre kostnadar for fylkeskommunen.

Det er naudsynt å få ei rask avklaring i høve auka kostnadsramme i prosjektet då vedståingsfristen til entreprenørane går ut 22.10 2021.

Auken i prosjektet, 31,6 mill. 2021-kr er ikkje naudsynt før i 2022, slik at dette vert å innarbeide i framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

### **Økonomi:**

Tiltaket inneber auka kostnadar for fylkeskommunen.

### **Klima:**

Ikkje relevant

### **Folkehelse:**

Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ikkje relevant

#### Konklusjon

Gang- og sykkelprosjektet fv. 614 Breivika – Svelgen er pga. at entreprenør gjekk konkurs halvferdig, og er i dag eit anleggsområde. I tillegg er 450 m av fylkesvegen lysregulert pga. utbygginga.

Fylkeskommunedirektøren har vurdert det som naudsynt å ferdigstille det påbegynte prosjektet. Nytt kostnadsoverslag etter tilbudsopning syner at kostnadsramma i prosjektet må aukast med 31,6 mill. 2021- kr, frå 48,4 mill. 2021-kr til 80 ,0 mill. 2021-kr. Auken vert innarbeidd i framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.